



forum for
natur og friluftsliv

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Kulturavdelinga
6800 Førde

Leikanger 15.01.2014

postmottak.kultur@sfj.no

Innspel til ny kulturstrategi for Sogn og Fjordane frå natur- og friluftorganisasjonane i FNF – forum for natur og friluftsliv.

Norsk natur er ein viktig del av norsk kultur.

Naturen har også ein stor kulturverdi. Den gir rom for oppleving av natur og landskap, identitet, fellesskap gjennom fysisk aktivitet, friluftsliv, idrett og hausting av verdier som bær, sopp, planter, fisk og vilt. Alt dette er ein viktig del av den norske kulturarven som det er viktig å ta vare på. Immatriell kultur må vidareformidlast og kunnskap delast og lærast for å kunne ivareta og heldt i hevd. For natur- og friluftorganisasjonane er det viktig at det vert lagt til rette for at våre naturgjevne ressursar kan og vert utnytta på ein god måte. At Sogn og Fjordane vert oppfatta som ein attraktiv stad for dei som vil leve friluftslivet.

Kulturomgrepet bør inkludere friluftsliv og idrett.

Organisasjonane som driv med ulike friluftslivsaktivitetar i naturen og hegnar om naturverdiane og formidlar desse vidare til nye generasjonar har ein sentral rolle i kulturlivet. Natur- og friluftorganisasjonane har naturen som arena. Naturen i seg sjølv har kulturell verdi, område med verdi for friluftsliv har og kulturell verdi gjennom sin bruk og organisasjonane har ein vesentleg verdi for kulturlivet i samfunnet.

Landskapet i fylket har vore nytta gjennom tidene frå fjord, fjøre til fjell og er såleis mest alt kulturlandskap. Friluftslivet kan sjåast på som ein vidareføring av eldre tradisjonar med å vera ute og vidarefører mykje kunnskap om å ferdast ute, i ulike landskap og terreng på ein trygg måte og om korleis ein kan hauste av naturen. Skjøtsel av tradisjonelt haustingslandskap og rydding av ferdsleveggar og stiar er også viktig for friluftslivet og ferdsel i naturen. Ny teknologi gjev nye og gode høve for formidling av både natur- og kulturverdier til dei som ferdast ute. Turlaga har no 208 trimpostar i fylket, mange av desse går nettopp til stolar og stølsområde. I noken kommunar har dei både støls- og toppturtrim. Samarbeid mellom historielag, kultur- og fortidsminneforeningar bør bli eit større satsingsområde framover. Dette kan styrke lokal identitet og busetting i distrikta.

Tur-, hauste-, og verne- tradisjonane er i endring etter som samfunnet endrar seg. Arenaer for formidling av kunnskap, gode naturopplevingar og oppleving av fellesskap og tryggleik er viktig for å ivareta lokale friluftstradisjonar og kultur. Det er ei stor oppgåve for organisasjonane å formidla og føre vidare det tradisjonelle friluftslivet.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Styrking av organisasjonane, slik at stillingar til drift og organisering av det frivillige arbeidet styrkast, er naudsynt for å særleg kunne auke aktiviteten inn mot born og unge.

Løype- og stiprosjektene får fleire ut i naturen. Dei er særst viktige for turfolk, slik at dei kan kjenna seg trygge på ferdsel i naturen på eiga hand. Framhald og styrking av dette arbeidet er viktig, for vidareføring av friluftstradisjon, friluftsgleda og folkehelsa.

Vern om viktig og urørt natur.

Naturen er friluftslivet sin arena og opp mot 80 % av det norske folk svarte i ein undersøking gjort av Aftenposten i 2012 at Norsk natur er norsk kultur. Inngrepsfrie og støyfrie områder har stor verdi og god forvaltning som sikrar desse mot øydeleggande inngrep i framtida er avgjerande. Til liks med at vi tek vare på materielle kulturverdiar må den urørte naturen også takast vare på for framtida.

Kystlagene i fylket som ligg under organisasjonen Forbundet Kysten, arbeider for å ta vare på tradisjonar samt fremja kulturverdiane som ligg langs kysten og fjordane våre. Målsetjinga er vern gjennom bruk. Kystledene er eit samarbeid mellom Forbundet Kysten, DNT og Friluftsrådernes Landsforbund. Kystleden i Nærøyfjorden er ein av desse i fylket.

Tilrettelegging for ikkjemotorisert ferdsel med enkel overnatting langs fjorden eller ute langsmed kysten. Formidling og vern av kystkultur, kystfriluftsliv gjennom bruk av tradisjonelle fartøy er kjerne område til kystlaga. Vern gjennom bruk er målsetjinga. Kystlaga restaurerer og nytter både buer, naust, landsettingsplassar og fartøy. Støtte til drift og inkludering av naudsynt infrastruktur i planarbeidet i kommunane er viktig for å styrke framhaldet i engasjementet.

Eit aktivt liv i friluft har tradisjonelt vore ein viktig del norsk kultur. Det er med å bygge opp under lokal identitet og folkehelsa. Natur- og friluftorganisasjonane bringer tradisjonane og kunnskapen vidare. Vi håper det vil syne att i kulturstrategien for Sogn og Fjordane, fylket med størst variasjon i naturarv i landet!

Investering i friluftsliv gjev minst firedobbelt att! Det er god avkastning :)

Med venleg helsing

Forbundet Kysten

Lars Olav Rylandsholm, Kystlaget Hornelen

Marny Tønnesen, Indre Sogn Kystlag

Sogn og Fjordane Turlag

Astrid Kalstveit – Marino Ask

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Lin Hjelmeland Finjord - Thorleif Jakobsen

Norges Jeger og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane

Per Norstein – Bjarne Huseklepp

Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle

Koordinator